

Vurderingar av søknader for tildeling i kvar kommune i Sogn og Fjordane

Kommune	Vurdering	Søknader/ tildelt/ % vis	Godkjend søknadssum (tildelt)
Askvoll	Frå Askvoll kommune kom det i år inn 11 søknader, fire nærmiljøanlegg og sju ordinære anlegg. I 2015 fekk Askvoll god uttelling med om lag 1,5 millionar kroner. I år har fylkesdirektøren valt å tildele tre nærmiljøanlegg og eitt ordinært anlegg der alle er ferdige og rekneskapen revidert for tre av desse. Ballbinge i Holmedal som er ferdig revidert vert vurdert framom klatrevegg Bulandet symjehall som er under oppføring.	11/3/36%	633 000
Aurland	Aurland har fire søknader, der fylkesdirektøren finn berre å kunne tildele til eitt ordinært anlegg, lys på Aurland stadion. Dette er første steg på ei opp-gradering av anlegget for både friidrett og fotball. Alle søknader til nærmiljøanlegg er nye og søknader i andre kommunar vert vurdert framom. Aurland fekk i 2015 tildelt 63 000.	4/1/25 %	438 000
Balestrand	Balestrand kommune har i år fem søknader, tre ordinære anlegg og to nærmiljøanlegg. Sanitæranlegget i Hittunsfjóra er ferdig revidert og vert saman med leirduebana i Esebotn tildelt midlar etter prioritering i regional plan. Rehabilitering av kunstgrasbana på Kreklingen stadion er prioritert i 2018. Nærmiljøanlegga er nye søknader og det er ikkje rom for å prioritere desse framom eldre søknader til nærmiljøanlegg i andre kommunar. Balestrand fekk i 2015 tildelt 66 000 kr mot 678 000 i 2016.	5/2/40%	678 000
Bremanger	Bremanger har i år 13 søknader og vert tildelt til fem anlegg, der to er friluftslivsanelegg, sanitæranlegg og tursti til Hornelen. To nærmiljøanlegg som er ferdig reviderte og det ferdige klubbhuset til Svelgen T & IF får i år. I 2015 fekk Bremanger kommune berre 52 000 kr. mot 2 367 000 i 2016.	13/5/38 %	2 367 000
Eid	Fylkesdirektøren tilrår å tildele til 10 anlegg i Eid, ettersom det er press på å etablere både nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg her. Fem nærmiljøanlegg, der tre er ferdige reviderte og to anlegg legg som legg særskild til rette for universell utforming i tillegg til tre reviderte anlegg som har søkt i mange år. I 2017 er fire anlegg prioriterte for tildeling i regional plan. Fylkesdirektøren har derfor valt å tildele fleire ordinære anlegg i år styrt av kommunal plan i Eid.	31/10/32%	2 074 000
Fjaler	I 2015 fekk Fjaler totalt tildelt 2 677 000. Dette vert med i vurdering for 2016 og tildelinga til tre anlegg utgjør 1 415 000 kroner. To av desse, bingebane i Flekke og rehabilitering av kunstgraset på Dingemoen idrettspark (regional plan) er ferdig reviderte.	7/3/43%	1 415 000
Flora	Flora kommune har nær dobling i tal søknader, trass i at fire ikkje er godkjende. To nærmiljøanlegg på Eikefjord skule manglar idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og vert trekt medan to søknader under friluftslivsanelegg på	42/12/29%	5 023 000

	Brandsøyåsen manglar dokumentasjon på rett til bruk av grunn. Den store auken skuldast utbygginga på Eikefjord skule både med både hall, klubbhus og nærmiljøanlegg. Det er samstundes sterkt fokus på rehabilitering av både nærmiljøanlegg og ordinære anlegg i Flora. I år vert frivillig sektor prioritert. Fylkesdirektøren rår til at Flora seglforeining sine anlegg på Furuholmen vert prioritert med tildeling til både flytebrygge 1, 2 og utstyrshus, rest-tildeling til ridehall til Sunnfjord Hestesport-senter, rest-tildeling til endurobane på Grov og 100 meter og rest-tildeling til leirduebane på Grovastøylen. Av nærmiljøanlegg vert fem av femten anlegg prioritert, der tre av desse er fornya og anleggsarbeidet er starta. Tildelinga til Sunnfjord Hestesport-senter er framskunda eitt år (regional plan) grunna høg tildeling i 2016. Tildelinga til Flora er 700 000 høgare i 2016 enn i 2015.		
Førde	Fylkesdirektøren rår til at Førde får tildelt til mange ordinære anlegg som er fornya i tre år, særleg gjeld dette klubbhuset i Hafstad-parken. Fire nærmiljøanlegg, sju søknader til ordinære anlegg der eitt anlegg til PCB og eitt anlegg i regional plan får tildeling i 2015. Stor etablering av nærmiljøanlegg på Hafstad-parken og skulane medfører opptil tre års ventetid for enkelte søknader til nærmiljøanlegg. Ved Slåtten skule er det søkt om ei rest-tildeling til rehabilitering av PCB-haldig lysarmaturar. Tildelinga er noko lågare enn i 2015.	30/11/37%	4 926 000
Gaular	Gaular-hallen er i år endra til 3 000 000 kr etter rulleringa av RP hausten 2015. Det vert i tillegg prioritert tildeling til både sandvolleyballbanene på Sande stadion og rehabilitering av ballbingen ved Bygstad skule. Dette er anlegg der anleggsrekneskapan er ferdig. Rulleski-anlegget på Langeland er prioritert for tildeling i regional plan i 2017, likeeins siste tildeling til Gaular-hallen. Det er ikkje rom for å tildele til snø-produksjonsanlegg sjølv om dette står på førsteplass då tildelingar på 1 million og under ikkje skal delast opp over fleire år.	11/4/36%	3 286 000
Gloppen	Gloppen har siste åra hatt mange nyetableringar fleire stader i kommunen. Både Reed og Hyen stadion er oppgraderte og anlegget på Utvikjellet med skiheisar og nedfartar og lys, men ikkje minst Trivselshagen har fått stor del av tildelingane siste åra ettersom her er etablert fleire delanlegg i tillegg til både hallar og basseng. Ettersom det i 2015 ikkje vart funne rom for å tildele noko nærmiljøanlegg, finn fylkesdirektøren det naturleg å tildele til tre nærmiljøanlegg der to av desse er ferdig reviderte. Søknad om etablering av ballbinge ved Myklebustflata vart ikkje godkjend grunna mangelfull idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Årets løyving er 700 000 kr. høgare enn i 2015. Fylkesdirektøren har også valt å framskunda tildeling til Firdahallen som eigentleg skulle skje i 2017.	26/9/35%	5 361 000
Gulen	Gulen fekk i 2015 ei forholdsvis høg tildeling og vert i år	5/2/40%	342 000

	tildelt til eitt nærmiljøanlegg og eitt ordinært anlegg der begge er ferdige. Det er totalt fem søknader, men fylkesdirektøren finn berre rom for tildeling til to søknader.		
Hornindal	Hornindal har i år eitt anlegg for prioritet i regional plan, rest-tildeling på rehabilitering av kunstgrasbane. I tillegg vert rehabilitering av friidrettsdekket på 2.plass på ordinære anlegg som eldre søknad enn nye søknader om klatreparkar i Hornindal som nærmiljøanlegg. Årets tildeling er likevel betydeleg høgare enn tildelinga på kr. 328 000 i 2015.	6/2/33%	1 165 000
Hyllestad	Fylkesdirektøren finn berre rom for å tildele til rehabilitering av kunstgras på Hyllestad idrettspark. I 2015 fekk Hyllestad ingenting i spelemidlar ettersom det var berre søkt om tilskot til anlegg som var prioritert for seinare år i regional plan.	3/1/33%	803 000
Høyanger	I år er det forholdsvis mange søknader frå Høyanger og mange av dei er prioriterte både innan friluftsliv, PCB og i regional plan. Fylkesdirektøren finn rom for å tildele til 5 av 10 søknader med ein samla tildeling på kr. 2 353 000 der fire av fem anlegg er ferdig reviderte. Det er ikkje funne rom for å tildele til nærmiljøanlegg i år og årets tildeling er det doble av 2015.	10/5/50%	2 353 000
Jølster	Jølster fekk i 2015 ei forholdsvis høg tildeling ettersom fleire anlegg var prioriterte i regional plan. I 2016 er det funne rom for tildeling til to nærmiljøanlegg og eitt anlegg i regional plan, der alle er ferdig reviderte.	8/3/38%	321 000
Leikanger	For 2016 kom det inn søknader om fem anlegg i Leikanger. Det er funne rom for å tildele til tre av desse. Alle søknadene er fornya og to er ferdig reviderte.	5/3/60%	717 000
Luster	Luster har sterk tradisjon for å nytte spelemiddelordninga som finansieringskjelde til å etablere anlegg og særleg innan friluftsliv, så også i år. I år er det valt å tildele til ballbingen til IL Bjørn i Gaupne (ferdig revidert) og denne vert tildelt framom anlegg på 2. og 3.prioritet. Det vert også tildelt til eit friluftslivanlegg, tursti til Wittgenstein som første godkjende søknads-år i tillegg til stup og symjebassenget i Lustra-badet som har første tildeling av tre. Årets tildeling er betydeleg høgare enn 103 000 kr. i 2015.	10/5/50%	5 231 000
Lærdal	Det er i år funne rom for å tildele tre anlegg i Lærdal. Samla sett utgjer dette kr. 750 000, noko lågare enn i 2015. Det er søkt om midlar til 7 anlegg der 3 får tildeling, to nærmiljøanlegg og eitt ordinært anlegg.	7/3/43%	750 000
Naustdal	Naustdal har siste året stått overfor ei stor utbygging av Naustdalshallen. Dette i tillegg til opprusting av fleire nærmiljø har resultert i 12 søknader, der det er funne rom for tildeling til fire anlegg, der to av dei er ferdig reviderte, ballbinge og ballbane på Horstad. I år vert det tildelt kr. 766 000 mot 122 000 i 2015.	12/4/25%	766 000
Selje	Det er i år komme to søknader om rehabilitering av nærmiljøanlegg. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å tildele meir enn til eitt av desse.	2/1/50%	57 000
Sogndal	Sogndal har i år ein betydeleg auke i søknader både til	26/7/27%	3 775 000

	rehabilitering og etablering. Dette er eit av seks – sju pressområde i fylket og fylkesdirektøren finn det derfor naturleg å tildele til 7 av 26 søknader. Ein søkjar, Sogndal båtlag viser seg ikkje å vere søknadsberettiga og søknaden er ikkje godkjend. Fylkesdirektøren har valt å framskande tildeling til undervarme Fosshaugane som er ferdig revidert og eigentleg var prioritert i regional plan i 2017. Der er to søknader til friluftslivanlegg som er prioriterte. I 2017 vert mange søknader til anlegg i regional plan prioriterte. Årets tildeling på 3 775 000 er betydeleg høgare enn fjorårets tildeling på 256 000.		
Solund	Det er i år kome inn tre søknader frå Solund, ein til ordinære idrettsanlegg, kunstgrasbane som er prioritert i regional plan i 2017 og to nærmiljøanlegg. Fylkesdirektøren finn berre rom for å tildele til rehabilitert ballbinge ved Hardbakke skule (ferdig revidert).	3/1/33%	75 000
Stryn	Fylkesdirektøren har valt å tildele fleire søknader i Stryn som er fornya i forholdsvis mange år. Det er berre ein søknad til nærmiljøanlegg og andre søknader er blant anna prioriterte i regional plan etter 2016. Søknad om tursti til Kattanakken vart trekt på bakgrunn av manglande dokumentasjon om bruksrett.	10/6/60%	2 352 000
Vik	Kunstgrasbane på Vik idrettspark har vore fornya i fleire år og fylkesdirektøren tilrår å løyve til denne. Det er ikkje funne rom for nokre av dei andre søknadene som er nye og vi finn ikkje å kunne prioritere desse framom søknader i andre kommunar.	4/1/25%	1 541 000
Vågsøy	Fylkesdirektøren har valt å framskande tildeling til rehabilitering av kunstgraset i Nordfjordhallen (ferdig revidert). Det er i tillegg løyvd til eitt nærmiljøanlegg og til to andre ordinære anlegg. Det vil i dei neste åra bli tildelt fleire anlegg i regional plan i Vågsøy. To søknader vart ikkje godkjende grunna manglande dokumentasjon på rett til bruk av grunnen, Panoramastien og klatrepark i Måløy sentrum.	10/4/40%	789 000
Årdal	Det er i år kome inn seks søknader og det er funne rom for å tildele to fornya nærmiljøanlegg (ferdig reviderte), sandbane på Årdalstangen og rehabilitering av ballbinge i Øvre Årdal.	6/2/33%	218 000